

24. januar 2023

# Jobbmessa GIVE A JOB

ØRSTA KULTURHUS

## OM GIVE A JOB

Give A Job er ei utvida jobbmesse for nye-norske, næringsliv og frivillige lag/ organisasjonar på Søre Sunnmøre. Målet er rekruttering og inkludering til arbeidsliv og frivillig arbeid, bryte barreierar og fordommar, skape relasjonar, og tilføre ny fagleg påfyll som kjem til nytte for verksemder og frivilligheita i vidare arbeid.

Dagen vert delt i ulike delar og startar med program for næringsliv og frivilligheita, før opning og program, jobbmesse og til slutt hovudprogram med underhaldning og 3-rettars middag.

## KVIFOR DELTA

Arbeidslivet treng arbeidskraft og frivillige lag/ organisasjonar har behov for frivillige. På Søre Sunnmøre er det ei stor gruppe ubenyttta ressursar i motiverte og arbeidsledige busette flyktningar.

Ved å delta på jobbmessa vil verksemda og organisasjonen få moglegheita til å skape aukt inkludering, mindre fattigdom og born i vedvarande lavinntektsfamiliar, førebygging av utanforskap, uhelse, kriminalitet mm.

**PROGRAM OG PÅMELDING [HER](#)**

**Vi har teknologien, ressursen og evnen til å løse alle problemer på planeten.**

**Det eneste som mangler er inkluderende bevissthet**

**-Sadhguru**

# Føredragshaldarar



## Aiman Shaqura

Aiman kom til Norge som flyktning frå Palestina etter å ha vore på flukt i 10 år- i 12 land. Han vaks opp på Toten, der han gjekk frå å pante flasker, pusse sko og vindauge til å omsetje for over 100 MNOK. Siviløkonom og gründer med fleire start-up suksessar, og fleire Gasellediplomar. Hjartesakene til Aiman er innovasjon, gründerkap og sosial berekraft, og gjennom initiativet 'Give a Job' har han bygd opp Norges største inkluderingsarena. Han har vore med på å starte «Charge Incubator» ein inkubator for førstegenerasjons innvandrarar.



## Arne Hjeltnes, konferansier

Reklamemann, programleiar, foredragshaldar og forfattar. Arne Hjeltnes er den perfekte konferansieren/toastmaster for eit kvart arrangement. Arne har mange års erfaring med å leia store og små events. Arne har vore med "Gutta på tur", jobba for Sjømatrådet i Hong Kong, utdanna innan økonomi og leier kommunikasjonselskapet Creuna. Arne held vidare foredrag om "Noreg i den store verda", kommunikasjon, innovasjon, endringar og leiing.



## Pellegrino Riccardi

Pellegrino Riccardi rister laus gamle fordommar, jantelov og avgrensa tankemønster, og opnar idéhorisonten på vidt gap. Med skråblikk far utsida opnar han opp for klarsyn på innsida og med det - nye moglegheiter for endring. Han held morosame og engasjerande foredrag om motivasjon, kommunikasjon og arbeidskultur. Pellegrino vart kåra til «Årets talar 2020» på Talerlisten, og nominert for same pris i 2021.



## Marie Lauvås Jacobsen, Capeesh

Marie Jacobsen Lauvås gjekk i 2022 inn i styret til Næringsforeinga som det yngste medlemmet nokon gong. Berre som 30 åring har ho bunnsolid kompetanse innan entreprenørskap og teknologi inn i styrerommet. Marie vann tidlegare i år innovasjonsprisen for språk-app med selskapet Capeesh der ho er leiar. Capeesh gir arbeidstrening og språkopplæring i ein og same app, og representerar med det løysningar i norskopplæring som kvalifiserar for arbeid.



## Ulf Andersen, statistikksjef i NAV

Ulf Andersen er NAVs tallelskende og engasjerte statistikksjef, med øverste ansvar for offisielle statistikker fra NAV. Ulf er opptatt av hva tallene kan fortelle oss, og leter stadig etter nye måter å sette sammen tall på, for å oppnå økt innsikt og kunnskap om trender, utfordringer og muligheter. Bodskaopen til Ulf er at om vi reduserar utanforskapet blant unge vaksne med 10% vil vi spare samfunnet for 6,3 milliardar kronar. Kvart år!



## Kimiya Sajjadi

Kimiya er grunnleggjar av Big Enough Global, og vore kåra som ei av Dagens Næringslivs sine 30 lederstjerner under 30 år. Ho har blant anna hatt oppdrag for advokatfirma Thommessen, PWC, Sparebank 1, Amedia, Gyldendal og Jefferson Wells, og har derfor breid erfaring innanfor ulike bransjar. Kimiya studerte juss i 2.5 år før hun valgte å satse på gründerlivet.